


Bli kjent med  
**nærnaturen!**



**Naturvernforbundet**

Stord

Dersom du ynskjer å læra meir om naturtypane og artane som er presenterte her, og i tillegg mange fleire, kan du slå opp i litteraturen presentert under.

**Kjelder:**

Fadnes, P. 2019. *Røddlistearter i Stord og Fitjar, samt litt generelt om natur og sjeldne naturtyper i Sunnhordland*. Høgskulen på Vestlandet.

Moe, B, & Fadnes, P. 2008. *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fitjar og Stord*. – Fitjar og Stord kommunar, Fylkesmannen i Hordaland og Høgskolen Stord/Haugesund. MVA-rapport 2/2008: 1–133.

Rabben, J, Aarø, K, L. 2016. *Ville blomar i Sunnhordland*. Harpiks forlag.

Stenberg, L., Mossberg, B. 2018. *Gyldendals store nordiske flora*. Gyldendal norsk forlag AS.

Miljølære.no

Biologiportalen

Artsdatabanken: Artskart

Artsdatabanken: Raudlista

Miljødirektoratet: Naturbase

Store norske leksikon

**Foto:** Per Fadnes har fotografert sopp og lav pluss bileta på side 24, 28 og 32, Jan Rabben resten.

**Formgjeving:**

Helene Hystad og Hans-Jacob Meland

**Grafisk produksjon:**

Mediehuset Sunnhordland



# Hei!

Me vonar at dette vesle heftet vil inspirera deg til å gå ut på oppdagarferd, bli kjend med plantar, dyr og fuglar og nyta den unike naturen Sunnhordland har å by på. Kanskje får du lyst til å læra meir? Kanskje kan heftet få vere med familien på artsskattejakt og bli krøllete og vått i lomma etter turar i dei ulike naturtypane våre?

## Frå sjø til fjell

Me har ein flott, variert og artsrik natur i Sunnhordland. Fleire stader kan me vandra frå strandsona med skjørbuksurt og hegre, gjennom skogen med blåbærlyng og hakkespetter, og heilt til fjells der fjellsmella ventar. På vegen passerer me kulturlandskap med sjeldne soppar, myra med porskratt og soldogg og tjørner med gule og kvite nykkeroser.

## Artsmangfald

Klimatiske, topografiske og geologiske faktorar spelar ei viktig rolle når det kjem til arts mangfald og variasjon. Her i Sunnhordland er me så heldige å ha fleire gunstige faktorar som gir oss ulike naturtypar og eit stort mangfald av artar. Milde vintrar, mykje nedbør og ein berggrunn som mange stader gir næringsrik jord, bidreg til eit unikt og rikt planteliv med sjeldne artar av både plantar, sopp og lav. Naturtilhøva i Sunnhordland er elles årsak til at fleire av plantane våre her veks nær den nordlege levegrensa si. Levekåra spelar også inn når me kan finna einskilde fjellplantar heilt nede ved sjøen – ikkje



verst å kunna vandra mellom både fjell- og strandplantar på ein gong.

## Trua artar

Mange av artane våre er trua og er førte opp på den norske raudlista, som er eit oversyn over artar som har risiko for å døy ut i Noreg. For å bevare artane våre må me først og fremst sikra leveområda deira, og me må forstå det komplekse samspelet i naturen.

I dette heftet presenterer me sju ulike naturtypar og eit lite utval av artar du kan finna der. Me vonar du har lyst å bli kjend med dei – og vera med å ta vare på dei!

Ta med familien ut, leit etter raudsildra om våren, gå på lavjakt i regnskogen eller berre sit saman med fjørrekollen på berget og høyr etter tjelden. Den verdifulle naturopplevinga er her, rett utanfor døra, om du vil. God oppleving!

***Helsing styret  
i Naturvernforbundet  
på Stord***

# Edellauskog



Edellauskogen veks lauvtre som er avhengige av ein høg lufttemperatur, som alm, lind, eik og hassel. Slik varmekjær skog er ikkje så vanleg i Sunnhordland, men han finst på små lokalitetar i sørvestvende, relativt bratte skråningar. I dag skil ein mellom minst eit titals ulike typar edellauskog der alle er raudlista i ein eller annan kategori. Ein viktig type her hos oss er lågurt-eikeskog, som me bl.a. finn på Agdestein på Stord. Denne skogstypen inneheld ei rekkje sjeldne artar av sopp og karplantar og er med i Natura 2000, eit miljønettverk som har som formål å bevare verdifulle naturområde innanfor EU. Slike skogar er det få av

på Vestlandet sidan dei er restar av ein skogstype som var vanleg i tidlegare, varmare tider. Ein annan sjeldan edellauskogstype er dominert av alm, lind og hassel. Der kan me ofte sjå spor etter tidlegare menneskeleg bruk, først og fremst tre som er styva. I mange hundreår hausta bøndene lauvet, særleg av alm, lind og ask, for å skaffa mat til dyra om vinteren. Slike gamle styva lindetre, ofte med underlege fasongar, finn me bl.a. i Styvasetåsen på Litlabø der det òg veks gamle hole eiker. Slike hole tre er også rekna som ein trua naturtype sidan dei ofte er bustad for ei rekkje sjeldne insekt- og soppartar.



## Kvit skogfrue

(*Cephalanthera longifolia*) er ein av dei mest eksklusive orkidéane me har i Sunnhordland. Han veks berre nokre få stader og står på raudlista som nær trua. Tysnes har mest av han, på to flotte lokalitetar. Han finst også på Stord og i Sveio. Denne fine frua er freda, så om du ser henne på din veg, må du ikkje plukka henne, berre helsa på. Blømingstid: juni.



## Vårmarihand

(*Orchis mascula*). I motsetnad til myske luktar ikkje vårmarihanda så godt. Men vakker er ho med sine purpurfarga blomar. Kvite blomar kan også førekoma, men dette er heller sjeldan. Vårmarihanda er ein av dei vanlegaste orkidéartane her omkring og veks på kalkkrik grunn i skogkantar og kulturlandskap. Blømingstid: mai-juni.



## Myske

(*Galium odoratum*). Denne teppe-dannande planten kan du vera heldig å treffa på i lauvskogen. Der veks han på god moldjord i skuggefulle lier. Om du pressar og tørkar han, kjem den gode lukta fram (odoratum = som luktar godt). I tidlegare tider vart bukettar av tørka myske hengde opp som luftreinsarar. Blømingstid: mai-juni.



## Lungenever

(*Lobaria pulmonaria*) er ein dekorativ lavart som du kan finna i edellauvskogen, ofte på gamle lauvtre som selje, osp, rogn, ask, alm, eik, lind og spisslønn. Men sjå også etter på steinar og berg – som på biletet. Overflata er rynkete og lett å kjenna att, og i fuktig vêr får lungenevra ein frisk, flott grønfarge. I tørr tilstand er fargen gråbrun.



## Bittermusserong

(*Tricholoma acerbum*) er ein svært sjeldan sopp som me er så heldige å ha her hos oss. Han er sterkt trua, og bestanden er i stadig tilbakegang – det minkar på eigna veksestader. Bittermusserongen likar seg spesielt godt ved eik. Soppmycelet veks saman med eikerøtene til såkalla sopprot (mykorrhiza) der det skjer utveksling av næringsstoff, til nytte for begge.



## Hole eiker

For å bli med i denne gjengen må du ha ein diameter på minst 63 cm eller ein omkrins på minst to meter i brysthøgde. Hole eiker rommar ei heil eiga verd av insekt, sopp og lav og har ein så stor artsrikkdom at dei har fått status som utvald naturtype etter naturvernlova. Dei har òg fått sin eigen handlingsplan.



## Spettmeis

(*Sitta europaea*). Denne fine fuglen er litt av ein akrobat. Spettmeisa klatrar like godt oppover som nedover, utan å stø seg på stjerten. Om du ser ein fugl med ei markert svart stripe frå nebbet og over auga og som klatrar nedover med hovudet fyrst, er du ikkje i tvil om arten! Spettmeisa er holrugar og byggjer gjerne reir i fuglekassar.



## Gulsongar

(*Hippolais icterina*). Denne vesle songaren held til i frodig lauvskog og sit ofte høgt oppe i trekronene. Han er ein glimrande imitator og kan herma perfekt etter ei lang rekkje fugleartar. Men han avslører seg på nokre kvinande, litt nasale lydar som han oftast flettar inn i songen. Av utsjånad er underkroppen gul og oversida brun.



## Nøtteskrike

(*Garrulus glandarius*). Visste du at denne fuglen er ein kråkefugl? Den flottaste av dei, vil mange meine – med raudbrun kropp, teikningar i svart og kvitt og blått felt på vengene. Best likar nøtteskrika seg i eldre blandingskog, helst med innslag av eik. Hovudnæringa er eikenøtter. Om hausten kan éin fugl gøyma opptil 6000 nøtter som vintermat.

# Fjell

---



**D**er terrenget stiger, og skogen må gi tapt, tek snaufjellet over. I Jotunheimen ligg skoggrensa på rundt 1200 moh. og går derifrå gradvis nedover til alle kantar, særleg mot vest og nord. Ute ved kysten, som på Stord og Bømlo, kjem ho heilt ned i 400 moh. I dei indre delane av Sunnhordland kjem ho opp i 5–700 meter.

Klimaendringane gjer at skoggrensa er på veg oppover. Beiting av husdyr verkar den motsette vegen, men ikkje nok til å halda klimaeffekten i sjakk. Snaufjellet er i hovudsak den mest urørte delen av naturen vår, men det er krevjande levekår her oppe. Vinden får godt tak, temperaturen er låg, og sommarsesongen kort. Fjellplantane

har utvikla ulike tilpassingar som gjer at dei taklar dette, og dei mest spesialiserte har kome så langt at dei er blitt avhengige av økologiske faktorar som berre finst i høgfjellet. Derfor finn me ikkje på langt nær så mange fjellartar i dei låge kystfjella på Stord, Tysnes og Bømlo som t.d. på Hardangervidda. Men nokre har me; særleg i dei rike områda på Tindane og Grønafjellet på Stord. Enkelte fjellplantar finn seg på våre kantar også til rette nede ved sjøen, t.d. gulsildre, raudsildre, rosenrot og bergfrue. Når det gjeld fuglelivet, er biletet mykje godt det same som for plantane. Dei mest typiske høgfjellsartane manglar her ute hos oss. Men dei finst i Kvinnherad og Etne.






## Reinrose

(*Dryas octopetala*) er noko av det flottaste du kan treffa på i fjellet. Ikkje berre er ho vakker, men då veit du også at du er på kalkrik grunn og at sjansen for å finna andre fjellplantar er stor. På våre kantar finst reinrosa berre på Tindane i Fitjar, på Varaldsøy og på tre lokalitetar i Etne. Octopetala viser til dei 8 kronblada. Blømingstid: mai–juni.



## Raudsildre

(*Saxifraga oppositifolia*) vert rekna som fjellplante, men kan òg veksa i låglandet der ho er eit svært tidleg vårteikn. På Hovaneset på Stord og Skjelnesodden på Varaldsøy veks ho heilt ned til sjøen på kalkrike berg, med utløparar som heng nedover berget. Dei raudlilla blomane er nydelege blikkfang. Blømingstid: februar–mai, avhengig av veksestad.



## Fjellfrøstjerne

(*Thalictrum alpinum*). Denne vesle fjellplanten har små hengande fiolette blomar. Han er ikkje lett å oppdaga, men om du finn han på di vandring, t.d. i Stordfjellet, vil du sjå at han har lange, gulaktige pollenberarar og at han manglar kronblad. Fjellfrøstjerna har vindpolliering, og då er kronblad berre i veggen. Smart, ikkje sant? Blømingstid: mai–juni.



## Fjellsmelle

(*Silene acaulis*) finst enkelte stader i fjella våre – på Grønafjellet på Stord og flekkvis i Kvinnherad og Etne. Dei nesten stilklause blomane er bleikraude til djupt rosa og står tett i tett på faste, puteforma tuer. Desse er fylte med gamle bladrestar og fungerer som svampar som kan suga opp og halda på vatn. Blømingstid: mai–august.



## Greplyng

(*Kalmia procumbens*) veks som flate matter på forblåсне rabbar i fjellet. Han er vanlegast i dei indre fjellområda, finst også på Stord, men ikkje lenger vest. Procumbens tyder «nedliggende», eit namn som passar godt på denne dvergbusken. Tett ned mot bakken unngår han den hardaste vinden. Blømingstid: juni–juli.



## Heilo

(*Pluvialis apricaria*) er ein vadefugl på storleik med ei vipe og kan sommarstid kjennast på den svarte undersida med kvit kant rundt. Oversida er spraglete i gråbrunt, kvitt og gult. Du har kanskje høyrte heiloen når ho varslar med vemodige fløyt når du går i fjellet. Då kan det henda du eller nokon andre er for nær reiret eller dei godt kamuflerte ungane!



## Heipipelerke

(*Anthus pratensis*) vil ha ope terreng med kort vegetasjon og er utan samanlikning den vanlegaste fuglen i fjellet. Å sjå til er ho lita og gråbrun utan spesielt markerte kjenneteikn. Men om me på fjellturen ser ein liten fugl som skvett opp og flagrar av garde med eit tynt «ist-ist», er sjansen stor for at det er ei heipipelerke.



## Orrfugl

(*Lyrurus tetrrix*). Orreleiken kan opplevast både ved kysten og i fjellet. Hannane buldrar og slåst så det kan høyrast lang veg; dei kan halda på frå mars til ut i juni. I ytre strøk er det òg vanleg at dei sit einsame på kvar sin knaus. Målet er uansett å få pare seg, men dei langt mindre og brunspraglete hønene kjem inn på leiken berre ei vekes tid i månadsskiftet april-mai.



## Tårnfalk

(*Falco tinnunculus*) er ein av dei rovfuglane du har størst sjanse til å få sjå i fjellet, særleg i trekktida om hausten. Der han hekkar, helst i museår, er han sjølvstøtt å sjå heile sommaren. Han skil seg frå dei andre falkane ved at han står stille i lufta, medan vengene slår. Då er han på jakt og speidar etter mus og lemen. Frå nebbspiss til stjertspiss måler han 30–36 cm.

# Myr



**M**yr er ein vanleg naturtype i Sunnhordland. Men også myr er eit vidt omgrep, og i dag skil ein mellom ei rekkje ulike typar der mange av dei er trua og står på raudlista. Ei myr kan vera næringsfattig – då får ho all tilførsle si frå regnvatn (ombrogen myr), eller ho kan i tillegg få tilførsle frå områda rundt. Då er det næringa i berggrunnen som avgjer om ho blir rik eller fattig. På rike myrar kan me finna ei rekkje sjeldne og raudlista karplantar. Myrar er elles tilhaldsstad for padde og frosk, som òg kan koma på raudlista. På Vatna på Stord finn me rikmyr i Iglatjødn naturreservat. Der veks m.a. den sjeldne planten storak.

Ei myr er som oftast 10 000 år gammal. I utgangspunktet var ho ei fordjuping i terrenget som isen hadde late etter seg. Denne blei fylt med vatn,

og gjennom tusenåra etter kvart også med organisk materiale. Sidan myrvatn er stillestående, blir det oksygenfritt, og nedbrytinga stansar meir eller mindre opp. Organisk materiale har såleis blitt avsett sidan istida, og karbon har blitt pumpa ut av atmosfæren og lagra i myra. I dag er myrane stort sett dekte av torvmose. Mosane har ikkje røter som andre plantar og lever derfor berre i det øvste laget. Dei underliggjande delane blir lagra som «dautt» karbon etter kvart som mosen veks i overflata og resten av han dør. Derfor fungerer myrane våre framleis, etter 10 000 år, som eit gigantisk karbonlager og ei karbonpumpe som stadig pumpar CO<sub>2</sub> ned i dei. Øydelegg me myrane t.d. gjennom utbygging, vil alt dette karbonet bli frigjort som CO<sub>2</sub> og bidra til oppvarming av atmosfæren.



## Smalsoldogg

(*Drosera anglica*). Her må ein ikkje la seg lura av namnet. Det er ikkje dogg som sit ytst på dei raude kjertelhåra. Dette er slimdropar som fangar insekt til eit godt, nitrogenhaldig måltid. Når insektet sit fast i slimet til denne «kjøtetande» planten, bøyer kjertelhåra seg rundt og fordøyer det ved å skilja ut proteinspaltande enzym. Blømingstid: juni–august.



## Kystmyrklegg

(*Pedicularis sylvatica*) er vanleg på fuktig grunn og kan bli 5–20 cm høg. Men ofte er han kort og knabben som på biletet. I levevis er han ein såkalla halvparasitt. Han er utstyrt med klorofyll, har fotosyntese og lagar sjølv organisk materiale, men skaffar seg vatn og oppløyste næringsstoff ved å «stela» frå røtene til naboane. Blømingstid: mai–juni.



## Breiull

(*Eriophorum latifolium*). Myrull i frø er eit flott syn på myrane våre, og breiull er ein av dei fire artane me har i Sunnhordland. Men han er langt frå vanleg og veks berre på våt, næringsrik, kalkhaldig jord, helst på rikmyr. Dei to vanlegaste er torvull og duskull. Breiull har fleire duskar i toppen og liknar på duskull, medan torvull har éin rund dusk på toppen av kvar stengel.




## Tranebær

(*Oxycoccus spp.*) er ein dvergbusk i lyngfamilien som veks på våte torvmyrar. Blomane er rosa, og blada er grønne heile året. Bæra er noko sure, men blir søtare etter eit par frostnetter. Mange reknar dei som meir eksklusive en tytebær. Me har to artar, småtranebær og stortranebær, som er til forveksling like, derfor «ssp.» i staden for latinsk artsnamn. Blømingstid: juni–juli.



## Flekkmarihand

(*Dactylorhiza maculata*) er den vanlegaste orkidéen i landet og veks på fattigmyr og annan skrinn, fuktig grunn. Blada er flekkete (eit godt kjenneteikn), blomane kvite til fiolette. Som fleire av dei andre orkideane har flekkmarihanda såkalla narrepol-linering. Dei manglar nektar, men med fargar og mønster lokkar dei til seg insekt likevel. Blømingstid: juni–juli.



## Pors

(*Myrica gale*). Om du kjem til ei myr ein varm sommardag, kan du vera så heldig å lukta deg fram til eit porskratt, som å sjå til minner om lyng. Det er harpikskjertlane i blada som sender ut aromaen. Du kan òg kjenna porsen att på dei grågrøne kileforma blada og raudbrune greinene. Visste du at pors har ho- og hannraklar på kvar sin busk? Biletet viser hannraklar som slepper pollen. Blømingstid: april–mai.



## Myrfiol

(*Viola palustris*) har derimot inga lukt å skilta med, men har små, fine gråfiolette kronblad med mørke årer. Blada er runde, glatte og lysegrøne, utan spiss. Ser du nærare på kronblada, finn du at to av dei peikar oppover, dei tre andre nedover. I tillegg til myra kan myrfiolen også veksa på andre fuktige stader. Blømingstid: mai–juni.



## Enkeltbekkasin

(*Gallinago gallinago*) er ein vade-fugl som du helst ser når han fyk opp rett framfor deg. Han stoler i det lengste på kamuflasjefargane sine og «stivnar» når nokon nærmar seg. På fransk og italiensk tyder bekkasin «fugl med langt nebb». Lokalnammnet mekregauk viser til den vibrerande lyden frå venger og stjert som blir laga under stup i fluktspelet over hekkemyra.



## Myrredderkopp

(*Dolomedes fimbriatus*) kan ha ei kroppslengde på opptil 2 cm og er den største norske edderkoppar-ten. Eit godt kjenneteikn er den langsgåande lyse stripa på kvar side av bak- og framkroppen. Myrredderkoppen lagar ikkje fangstnett, men spinn eit bol for ungane. Han jaktar både på bakken, på vassflata og nede i vatnet og kan fanga både rumpetroll og småfisk.

# Våtmark



**V**åtmark er eit vidt – og vått – omgrep som m.a. omfattar sumpmark, myrar, dammar, grunne tjørner og innsjøar, elvar, bekker, delta, strandenger og grunne vikar langs sjøen. Myr og salte miljø går me ikkje nærare inn på i dette avsnittet.

Våtmark er blant dei mest produktive og artsrike naturtypene me har, men også ein av dei som er aller mest trua. På verdsbasis er rundt 85 % av dei opphavlege våtmarkene gått tapt pga. utbygging, tørlegging/opppdyrking, vassdragsreguleringar og ureining. I Sunnhordland har me m.a. godt og vel

2500 vatn, medrekna tjørner med ein diameter på ca. 25 meter og oppover. Dei fleste av desse ligg i fjellterreng og har lite vegetasjon og dyreliv, men me har også næringsrike vatn i låglandet. Her kan det biologiske mangfaldet vera stort, med eit rikt plante- og fugleliv.

Dei beste tilhøva finn me der berggrunnen er kalkrik og der det tidlegare har vore havbotn. Sveio blir gjerne framheva som våtmarkskommunen på våre kantar, med heile seks fuglerike våtmarksreservat. Men alle kommunane har verdifull våtmark, og det meste er ikkje verna.





## Storak

(*Cladium mariscus*) er ein sterkt trua plante i storrfamilien som her i landet berre veks på nokre få lokalitetar, nærare bestemt to på Stord, to på Bømlo og to på Sørlandet. På Stord finn me den største førekomsten i Tveitvatnet. I varmeperioden etter siste istid var denne meir enn meterhøge planten langt vanlegare. Då klimaet blei kjølegare igjen, forsvann det aller meste av han, og han står no att berre der han framleis har eit gunstig lokalklima. Blømingstid: juli–august.



## Soleigro

(*Baldellia repens*) er til liks med storak sterkt trua og er minst like sjeldan. Han finst på Stord, Huglo og Tysnes, elles i landet berre på Jæren. Soleigro er liten, har tre kronblad med bleikrosa farge og veks i og ved ferskvatn. I periodar med lite nedbør blømer han anten på grunt vatn eller på det tørre og er såleis meir avhengig av vasstand enn årstid. Kvar blom varer berre eit par dagar, så det gjeld å følgje med. Blømingstid: juni–oktober.




## Kvit nykkerose

(*Nymphaea alba*). Denne vakre blomen kan bli opp til 20 cm i diameter og er Noreg sin største villblom. Planten veks i ferskvatn, og både blad og stenglar har luftfylte holrom og kanalar som gjer at han ikkje søkk. Dei store blomane har insektpollinering og kan freista med ei mengd gule støvberarar fulle av pollen. Som oftast er det fluger som kravlar rundt og gjer jobben. Blømingstid: juni–august



## Myrhatt

(*Comarum palustre*) er ved nærare augesyn skikkeleg flott med sine store raudlege begerblad og svart-fiolette støvberarar. Kronblada er smale og små, dei grøne blada store og sagtagga. Etter bløming vil begerblada dekke over frukta slik at det heile ser ut som ein knopp. Ser du etter myrhatten, må du leite der det er skikkeleg vått, gjerne i tjørnkantar. På blomen øvst til høgre sit ei honningbie. Blømingstid: juni–juli.



## Krikkand

(*Anas crecca*) likar seg best i næringsrike vatn med frodig kantevegetasjon og er den minste av endene våre – ho kan bli opp til 38 cm lang. Det glinsande grøne feltet på vengene er eit godt kjenneteikn på begge kjønn. Biletet viser ein hannfugl i vårdrakt, med hoa innfelt. Kurtiselyden hans er korte «kriik», som er opphav til namnet. Hofuglen liknar meir på stökkanda i fjørdrakta.



## Sivsongar

(*Acrocephalus schoenobaenus*) er lettast å kjenna på den kvitgule stripa som går over auga og til nakken. Men han viser seg sjeldan fram, så det beste er å læra seg songen. Som namnet fortel, held han til i «sivet», oftast i takrørvegetasjon i og nær ferskvatn. Om du vil bli kjend med sivsongaren, må du sjå og høyra etter han før han dreg sørover til Afrika i midten av august.



## Vassrikse

(*Rallus aquaticus*) er sjeldan og står på raudlista som sårbar; den norske bestanden tel ikkje meir enn 70–170 par. På våre kantar er ho observert fleire gonger i vegetasjonsrike vatn i Fitjar og Sveio. Vassriksa gøymer seg alltid vekk mellom vassplantane, så det er som regel «songen» som røper henne. Ein av lydane ho lagar om våren, kan minna om grisehyl.



## Norpadde

(*Bufo bufo*), betre kjend som berre padde, er den einaste paddearten me har i Noreg. Vorter, store auge og breitt hovud er gode kjenne-teikn. Skulle du lura på om det er ei padde eller ein frosk du ser, kanskje litt på avstand, så sjekk korleis dyret tek seg fram. Frosken kan gjera lange hopp, særleg når han kjenner seg trua, medan padda stort sett berre kravlar.



## Storsalamander

(*Triturus cristatus*) står på raudlista som nær trua, men heldigvis har me livskraftige bestandar både i vår region og andre stader på Vestlandet. Dei næraste førekomstane finn me i Sveio. Storsalamanderen kan bli 11–17 cm lang, har svart, knudrete hud og er safrangul med store svarte flekker på buken. I paringstida har hannen ein kam på ryggen, sjå biletet. Alle amfibium (norpadde, froskar og salamandrar) er i Noreg freda etter Viltlova.

# Strandsona

---



**S**unnhordland har ei lang kystlinje, ikkje minst på grunn av ei mengd med øyar og holmar i ytre strøk. Men me har òg eit stort fjordbasseng og lange fjordarmar. Eit ord som blir mykje brukt om kystlinja i biologisk samanheng, er havstrand, som då omfattar alle slags sjøstrender, anten dei ligg ute ved storhavet, inne i fjordane eller ved pollar, vikar og sund. Det meste av strandlinja vår er berg som går rett i sjøen, men me har òg sand-, grus- og steinstrender, tangvollar og strandenger.

Den botaniske havstranda strekkjer seg altså eit godt stykke opp på land. Felles for plantane i desse miljøa er at

dei har spesielle tilpassingar som gjer at dei kan veksa i eller nær saltvatn. I strandsona finn me også ei rekkje fugleartar. Her finn dei småfisk, krepsdyr, muslingar og ulike fjøremakkar.

Av insekt kan nemnast tarefluger og steinsprett. Fuglane som finn seg mat i fjøresona, omfattar både vadefuglar, andefuglar, måsar og småfuglar. Slike grunne strandområde er rike og produktive økosystem. I tillegg til at me i utgangspunktet har lite av denne naturtypen, er også mykje blitt nedbygd og øydelagt. Derfor er det viktig at me ser verdien i dei strendene me har igjen.



## Dvergålegras

(*Zostera noltei*) er sterkt trua og står sjølvsagt på raudlista. I Sunnhordland finn me det på Huglo, Tysnes og i Etne. Dette er ikkje ein grasart, men ein blomeplante som har tilpassa seg livet i sjøvatn og som veks på langgrunne mudderstrender med leire og fin sand. Dvergålegraset er utpeika som såkalla prioritert art og har fått vern gjennom ei eiga lovforskrift. Der står det m.a.: «Alle former for uttak, skade eller øydelegging av dvergålegras er forbode.» Blømingstid: juni–juli.



## Gråhegre

(*Ardea cinerea*) er ein velkjend fugl for folk som bur langs kysten. Han er oftast å sjå på grunne sjøstrender, men kan også fiska i ferskvatn. Dei vaksne overvintrar i stor grad i Sør-Noreg, medan hovudtyngda av ungfuglane dreg ut av landet om hausten. Kjem du nær ein hegrekoloni, så gi deg tid og bruk øyra. Frå reira oppe i tretoppene kjem det mykje lyd frå både ungar og vaksne.



## Havbendel

(*Spergularia media*) er ein strandplante i nellikfamilien. Han har kjøttfulle, butte, smale blad og kan lett forvekslast med saltbendel. For å skilja dei kan du telja støvberarane. Havbendelen har flest, som regel rundt ti, medan saltbendelen oftast har fem. Havbendelen likar seg også litt lenger ute ved kysten enn saltbendelen. Blømingstid: juni–september.



## Makrellterne

(*Sterna hirundo*) har hatt ein kraftig tilbakegang dei siste tiåra og står no på raudlista som sterkt trua. Der står ikkje raudnebbterna, som altså har klart seg langt betre. Desse to er dei einaste terneartane som hekkar i Noreg. Dei liknar temmeleg mykje på kvarandre, sjå først og fremst etter den svarte nebbspissen til makrellterna. Ho har elles lengre bein enn raudnebbterna.



## Oter

(*Lutra lutra*) var langt på veg utrydda i Noreg tidleg på 1900-talet og vart totalfreda i 1982. No har han i mange område kome tilbake, også til Sunnhordland. Der han etablerer seg, fortregjer han i stor grad minken. Oteren er tilpassa eit liv i vatn, både salt og ferskt. Pelsen er vassavstøytande og tjukk, han har symjehud mellom tærne, og kroppen er straumlinjeforma og lang. Oteren er ein dyktig fiskar og er mest aktiv om natta.



## Skjerpipplerke

(*Anthus petrosus*) er den einaste av pipplerkene som berre finst langs kysten. Den mørke fjødrakta gir god kamuflasje når ho leitar etter sniglar, små krepssdyr, insektlarvar og makkar i fjøresona. Ho et også frø frå strandplantar. Skjerpipplerka er både stand- og trekkfugl. Ein del av bestanden overvintrar langs norskekysten, medan resten dreg til kystane lenger sør i Vest-Europa når dagane blir kortare, nokre heilt til Nordvest-Afrika.



## Skjørbuksurt

(*Cochlearia officinalis*). Treng du C-vitamin eller skjerping av appetitten? Finn deg ei tue med skjørbuksurt! Denne hardføre planten tolerer både frost og saltvatn og finst ved sjøen i heile Sunnhordland. Dei hjarteforma, sukkulente blada kan etast heile året. Blomane sit i tette klasar og har kvite kronblad som luktar godt. Blømingstid: april–juli.



## Tjeld

(*Haematopus ostralegus*) er ein stor og kraftig vadefugl som er spesialist på å opna store muslingar. Opptil 300, helst hjarteskjel og blåskjel, kan setjast til livs på ein dag – av ein fugl. Men også sniglar, krepssdyr og makkar står på menyen. Når skarpe triller fortel at tjelden er tilbake frå nordsjøkystane lenger sør i slutten av februar eller byrjinga av mars, er dette eit kjent og kjærteikn.



## Strandkryp

(*Lysimachia maritima*) er ein liten og vanleg havstrandplante som veks der det er grus og leire i grunnen. Den manglande storleiken tek han att ved å veksa i større og mindre samlingar. Han er tilpassa eit salt miljø og har tjukke, væskefylte blad. Gjennom spesielle kjertelhår kvittar blada seg med salt. Blomane manglar kronblad; det er dei fem rosa begerblada som danner dei små klokkenene. Blømingstid: juni–juli.

# Kulturlandskap



**M**ed kulturlandskap meiner me alt landskap som er forma av menneske, frå byar og tettstader til plantefelt og jordbrukslandskap. Det meste er artsfattig, men det finst òg artsrike kulturlandskap som er haldne i hevd gjennom generasjonar. Der har dei m.a. drive med brenning, slik me ser det i kystlyngheiane, eller med beiting og slått, tiltak som framleis blir praktisert einskilde stader. Me seier at slike område har lang kontinuitet, og mange artar har fått etablera seg der gjennom lang tid. Nokre slike område har ei skjøtselshistorie som går heilt tilbake til bronsealderen, som til dømes

Hovaneset på Stord. Areala det er snakk om, er stort sett trelause, men dei gror fort igjen dersom beitinga tek slutt, og dei blir artsfattige dersom ein startar å gjødsla. Planting og seinare ukontrollert spreiring av sitkagran er også øydeleggjande.

I godt haldne kulturlandskap kan det veksa ei rekkje sjeldne karplantar og soppar, der mange står på den norske raudlista. Ikkje berre artar, men også ein del naturtypar, som gammal beitemark, slåtteng og kystlynghei, er òg raudlista. Grunnen er at slike gamle kulturlandskap er i sterk tilbakegang i heile Europa.





## Bakkesøte

(*Gentianella campestris*) høyrer heime i det gamle kulturlandskapet og var mykje vanlegare for ein del tiår sidan. Ho likar ikkje det moderne jordbruket og vil helst ha enger med ljåslått og ugjødsla beite. I Sunnhordland finn me bakkesøta så vidt i Austevoll, Bømlo og Sveio, og i 2014 vart ho funnen på Sæterbøfjellet i Fitjar. Blømingstid: juni–september.



## Blåklukke

(*Campanula rotundifolia*) er utan tvil ein av dei mest kjende villblomane våre. Også ho har gått tilbake som følge av endringar i landbruket, men framleis kan vi sjå henne i tørrbakkar, på beitemark og på berghyller, oftast på skrinne jord. Humler og bier står for pollineringa; mindre insekt kan overnatta eller søkja ly for regnet i klokkene. Blømingstid: juli–september.



## Kattugle

(*Strix aluco*) er utan samanlikning den vanlegaste ugla på Vestlandet. Ho finn seg godt til rette i kulturlandskapet, også i hagar og parkar i byar. Reiret legg ho i holer tre eller andre holrom, gjerne i store uglekassar. Kattugla er nattaktiv og jaktar i første rekkje på mus, men også på fuglar, froskar og biller. Byttet vert lokalisert ved hjelp av høyrsla, og jakta skjer nesten lydlaust.



## Låvesvale

(*Hirundo rustica*) er ein presisjonsflygar som manøvrerer på imponerende vis når ho jaktar på insekt i lufta. I slutten av april og utover i mai kjem ho tilbake frå vinteropphaldet i Afrika og er då eit kjent og kjærteikn. Reiret legg ho som regel innandørs i løer og uthus. Etter to veker med ruging og tre veker med ungemating er det ikkje uvanleg at det kjem eit kull nummer to.



## Vipe

(*Vanellus vanellus*) har òg tradisjonelt vore eit sikkert vårteikn. Men etter ein dramatisk tilbakegang dei siste par tiåra er ho mange stader ikkje meir å sjå. Så mykje som 75 % av den norske bestanden har forsvunne på denne korte tida, og vipa står no på raudlista som kritisk trua. Moderne jordbruk med siloslått i hekketida er ei av årsakene til denne triste utviklinga, jakt i vinterkvartera ei anna.



## Solblom

(*Arnica montana*) liknar ein gul prestekrage og kan bli godt og vel ein halv meter høg. For berre 40–50 år sidan var han ein vanleg sommargjest med faste vekseplassar i heile Sunnhordland. I dag er det berre nokre få førekomstar att. Dei viktigaste finn me i Sveio og Bømlo. Årsaka til tilbakegangen er kunstgjødsel og attgroing, eller for hard sommarbeiting. Blømingstid: juni–juli.



## Stare

(*Sturnus vulgaris*) har egentleg svart fjørdrakt, men i hekketida er særleg hannen metallglinsande i grønt og lilla. Om vinteren er glansen borte, og heile fuglen er overstrødd med kvite prikkar. Songen er pludrande og ikkje spesielt vakker, men inneheld som regel perfekte imitasjonar av både andre fuglar og mekaniske lydar. Staren står no på raudlista som nær trua.



## Fiolett greinkøllesopp

(*Clavaria zollingeri*) har store fruktlekamar og ein flott farge som gjer han lett å kjenna. På grunn av uregelmessig såkalla fruktifisering kjem ikkje fruktlekamanane fram kvart år. Fiolett greinkøllesopp veks på ugjødsla beitemark og slåtteeing, men berre der det er aktiv skjøtsel av slike lokalitetar. På grunn av at det minkar på eigna leveområde, står han no på raudlista som sårbar.



## Raud honningvokssopp

(*Hygrocybe splendidissima*). Dette er ein vakker og nokså kraftig vokssopp, som er ein karakterart for gamle heiprega, ugjødsla kystbeitemarker. Særleg om du tørkar han, kan du kjenna honningluk. Som den fiolette greinkøllesoppen er han av same grunn ført opp på raudlista som sårbar. I vår region er han nokså vanleg på gamle beitemarker i dei fleste kommunane i Sunnhordland.

# Kystregnskog

---



**D**en dominerande skogen i Sunnhordland som ikkje er planta, kallar me ofte kystfuruskog. Denne skogen er mangfaldig og svært variert. I tillegg til furu har han ofte innslag av ei rekkje lauvtre som rogn, hassel, eik, ask og kristtorn.

På grunn av klimatiske tilhøve er temperatur og nedbør av ein slik karakter at det blir mildt og fuktig, noko som gjer at ei rekkje sjeldne lav og mosar trivst her, særleg i nordvende skråningar der solinnstrålinga er lågare og faren for uttørking mindre. Slik skog blir ofte kalla boreonemoral regnskog. Namnet kjem frå klimasonene nemoral

(sørleg) og boreal (nordleg). Langs kysten på Vestlandet får me pga. klimatiske forhold ein mellomting, kalla boreonemoral. Ein skil òg mellom fattig og rik boreonemoral regnskog ut frå kva artar av lav og mose som veks i dei ulike områda, og ein snakkar ofte om kjenneteiknande artar.

Kystregnskogen er sårbar fordi han ofte ligg i tilknytning til allereie utbygde område, som til dømes på Heiane på Stord. Mange av artane me finn her, er ikkje å finna andre stader i landet, og me må til Dei britiske øyane for å finna tilsvarande naturtypar.



## Måltrast

(*Turdus philomelos*) er mest talrik i blandingskog, men hekkar også i rein lauvskog. Den vidgjetne songen, som nesten alltid vert framført frå ein tretopp, er høg, klar og variert. Til skilnad frå svarttrastsongen vert kvar strofe svært ofte repetert både to og fleire gonger. Om hausten dreg dei aller fleste via Dei britiske øyane til Spania og Portugal, nokre heilt til Nordvest-Afrika.



## Rugde

(*Scolopax rusticola*) er ein av svært få vadefuglar som held til i skogen. Helst vil ho ha lauv- og blandingskog med fuktig skogbotn der ho kan finna meitemakk med det lange nebbet sitt. Om hausten dreg «våre» rugder til Storbritannia og Frankrike, men mange tek sjansen på å overvintra her heime. I kalde vintrar kan matfatet frysa til eller snø ned slik at rugdene rett og slett svelt i hel.



## Rogn

(*Sorbus aucuparia*) er eit vanleg og velkjent tre i Sunnhordland. Dei raude bæra som kjem om hausten, er sure for oss, men fuglane et dei og spreier dermed frøa. Særleg gjeld dette traster, stare og sidensvans. Rogna veks frå kysten til fjellet og er eit vanleg innslag i kystregnskogen vår. Her er ho vert for ei rekkje av dei sjeldne og raudlista regnskogslava, som veks på stammen og greinene.



## Kystskriftlav

(*Graphis elegans*) finn me i skog med stabilt fuktig luft der det veks på bark av lauvtre, i første rekkje rogn og hassel. Det geografiske tyngdepunktet sitt har det her i vår region. «Skrifta» du ser på biletet, er fruktlekamane. I desse vert dei kjønnne sporane til lavet danna. Kystskriftlavet er raudlista som sårbart og er trua av hogst og utbygging.



## Gult pærelav

(*Pyrenula occidentalis*) har hovudutbreiinga si i Sunnhordland og er ein av karakterartane i den boreonemorale regnskogen. Talluset (sopplekamen) er «voksaktig» og fargerikt, med mange små svarte fruktlekamar (prikkane du ser på biletet). Det gule pærelavet veks på glatt bark av ulike lauvtre, særleg på rogn og hassel. Populasjonane er ofte små og er sårbare for hogst og utbygging. På raudlista står det som nær trua.



## Kystprikklav

(*Pseudocyphellaria norvegica*) er ein oseanisk lavart som krev eit fuktig miljø og som hovudsakleg finst i rikare skog, ofte kalla rik boreonemoral regnskog. Her veks kystprikklavet på mosekleddede berg og på lauvtre som ask, osp, hassel og rogn. På raudlista står det som sårbart, trua av hogst og utbygging. Til skilnad frå gult pærelav og kystskriftlav er kystprikklavet eit bladlav; dei to andre er skorpelav.



## Hønsenhauk

(*Accipiter gentilis*) er ein kraftig rovfugl som hekkar i eldre furuskog. Dei vaksne har tverrstriper på brystet og undersida, ungfuglane har dropeforma lengdestriper. Hoa er ein god del større enn hannen. Bestanden har gått markert tilbake dei siste tiåra, og hønsenhauken står no på raudlista som sårbar. På Stord hekka det i mange år rundt ti par, no er det berre eitt eller to igjen.



## Kristtorn

(*Ilex aquifolium*) er det einaste eviggrøne lauvtreet vårt. Han er særbu, så hann- og hoblomane sit på kvar sine tre. Dei raude bæra er giftige for oss, men fuglane toler dei. Så godt likar kristtornen det fuktige og vintermilde klimaet vårt at han i Sunnhordland veks på det frodigaste i heile utbreiingsområdet sitt! Han er vanleg i regnskogen, og barken er ein god vekseplass for ei rekkje regnskogslav.



## Kvitryggspette

(*Dendrocopos leucotos*) er jamt over den vanlegaste hakkespette på Vestlandet. Slik er det ikkje i resten av landet og i Vest-Europa elles. Det moderne skogbruket har gjort at arten no er borte frå store delar av dette området. Kvitryggspette er næringsspesialist og må ha rikeleg tilgang til rotnande ved der ho kan finna larvar av treborande biller. Den raude issen viser at fuglen på biletet er ein hann; hoa har svart isse.



Frå Stolmen, Austevoll

# Støtt arbeidet for natur og miljø

Bli medlem i Naturvernforbundet på Stord – send NATUR til 2377